



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/90715-10

Dykkar referanse: Vår dato:
18/1113 - 18/12682 08.05.2018


Uttale – Dispensasjon frå byggjegrænse – Fv. 404 – Gnr. 151 bnr. 2 i Lindås kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 24.04.2018. Vi var på synfaring med tiltakshavar 25.04.2018. Frist for uttale er 22.05.2018.

Kva saka gjeld:

Lindås kommune ber om uttale til søknad om dispensasjon frå byggjegrænse langs fylkesveg 404. Planen er å oppføre garasje på gnr. 151 bnr. 2.

Tiltaket ligg 9 meter frå vegmidte. Kommunen opplyser i sitt brev at tiltaket ikkje medfører endra avkøyrslforhold.



Situasjonskart vedlagt søknad.

Uttale:

Tiltaket er planlagt oppført på ein støypt platting. Det er i dag garasje for landbruksreiskaper i underetasjen. Planen er å oppgradere bygget slik at det vert meir funksjonelt, samt at ein vil oppføre garasje til personbil på plattingen. I bakkant av plattingen og retning mot

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

avkøyrsla går det ein støttemur. Det er og eit ynskje om å få rydde opp i forholda langs vegen og fjerne reiskaper med meir

Vi har tidlegare uttalt oss til same sak. I brevet vi har fått tilsendt frå kommunen er det peika på at vi ikkje har uttalt oss til byggjegrensa, men at vi heller har drøfta avkøyrslforholda.

Når det vert søkt om garasje innanfor byggjegrensa er det eit krav at ein kan vise til tilfredstillande snu- og manøvreringsareal på eigen tomt, og at manøvreringa skjer på ein trafiksikker måte slik at ein unngår rygging ut på fylkesvegen. Dette er ikkje vist i søknaden. Vi meiner at dette er eit viktig moment å vurdere til dispensasjonsøknaden sidan arealet på tomta er knapt, og det er terrengmessige utfordringar mot eksisterande mur.

Til søknaden er det opplyst at eksisterande avkøyrsl skal nyttast. Vi ser at dette neppe lar seg gjere på ein trafiksikker måte. Mellom anna vert svingradiusen langt under det vanlege kravet på 4 meter. Når ein får ei avkøyring i svært spiss vinkel på fylkesvegen vert også siktforholda dålegare. Til vår førre uttale viste vi korleis 4 meter svingradius artar seg terrenget:



Fig: Svingradius 4m vist på ortofoto.

Til den nye søknaden er det vist at muren kan flyttast noko i tilknytning til plattinga. Vi er mest opptatt av at muren som ligg i tilknytning til avkøyrslpunktet vert fjerna. Dette er det ikkje planar om. På dei nye teikningane er det også vist «svingradius» som ligg midt i avkøyrsla. Dette må vere ei mistyding av omgrepet.

På synfaring la tiltakshavar vekt på at det var behov for å utbetre bygningsmassen slik at den kan nyttast til føremålet, og slik at ein får rydda opp i området mot fylkesvegen. Arealet er i dag nytta til diverse lagring. Statens vegvesen er positiv til at det vert tatt initiativ til å rydde opp i forholda langs fylkesvegen og ser behov for å stramme opp arealet. Vi stiller likevel

spørsmål ved om garasjen slik den er planlagt har tilstrekkeleg snu og manøvreringsareal, og at arealet og avkøyrsla kan nyttast på ein trafikksikker måte.

Oppsummert:

Vi viser til vår førre uttale. Vi er kritisk til søknad om dispensasjon frå byggjegrense langs fylkesveg 404 for å oppføre garasje 9 meter frå vegmidte og vil rå i frå at kommunen gjev dispensasjon. Bakgrunnen til dette er at søknaden ikkje viser tilfredstillande snu- og manøvreringsareal og at manøvrering og avkøyring til fylkesvegen kan skje på ein trafikksikker måte.

Vi ber om å få kommunen sitt vedtak tilsendt for klagevurdering.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.